



Saksnr	Utval	Møtedato
105/12	Formannskapet	14.08.2012
073/12	Kommunestyret	23.08.2012

**Sakshandsamar:** Lasse Sælthun

**Arkiv:** K1-

**Arkivsaksnr.** 12/651 - 1

### Justering av delegasjonsreglement

#### Kort samandrag

I kommunen sine delegasjonsreglement fastset kommunestyret fordeling av avgjerdsrett mellom politiske organ og gjev definerte fullmakter til rådmannen. Kommunen sine reglement vart sist vedteke i sak 60/08. Føreliggande sak er ei justering av desse reglementa og det er og gjort endringar av prosesuell karakter.,

#### Rådmannen si tilråding:

Med heimel i kommunelova § 8 nr.3 ,§ 9,nr.5, §10 nr.3, § 13 nr.1 og § 23 nr.4, vedtek kommunestyret følgjande justerte reglement datert august 2012: :

- Politisk organisering i Lærdal kommune. Reglement.
- Delegasjonsreglement etter særlov og budsjettsaker til formannskapet.
- Delegasjonsreglement etter særlov til forvaltningsutvalet.
- Delegasjonsreglement til rådmannen.

Dei justerte reglementa tek til å gjelde frå 1.september 2012.

### 14.08.2012 FORMANNSKAPET

#### FS-105/12 TILRÅDING:

Med heimel i kommunelova § 8 nr.3 ,§ 9,nr.5, §10 nr.3, § 13 nr.1 og § 23 nr.4, vedtek kommunestyret følgjande justerte reglement datert august 2012: :

- Politisk organisering i Lærdal kommune. Reglement.
- Delegasjonsreglement etter særlov og budsjettsaker til formannskapet.
- Delegasjonsreglement etter særlov til forvaltningsutvalet.
- Delegasjonsreglement til rådmannen.

Dei justerte reglementa tek til å gjelde for saker som er journalført etter 1.september 2012.

## **23.08.2012 KOMMUNESTYRET**

### **KS-073/12 VEDTAK:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### **Vedlegg:**

1. Politisk organisering i Lærdal kommune. Reglement.
2. Politisk organisering i Lærdal kommune. Reglement.Nytt framlegg.
3. Delegasjonsreglement etter særlov og budsjettsaker til formannskapet.
4. Delegasjonsreglement etter særlov til forvaltningsutvalet.
5. Delegasjonsreglement til rådmannen.

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**

Kommunelova § 8 nr.3 ,§ 9,nr.5, §10 nr.3, § 13 nr.1 og § 23 nr.4

### **Saksutgreiing**

Administrasjonen har i sommar hatt ein gjennomgang av reglementa. Her har rådmannen ajourført reglementa i samsvar med endra lovgjeving, altså teke inn nye lover som erstattar eldre lover, teke inn nye lover og teke vekk lover som er oppheva. Endra delegasjonsreglement i samband med felles landbruksforvaltning, jf. kommunestyresak 86/10, er innarbeidd i reglementa. Vidare er nokre nye delegasjonsvedtak i kommunen etter 2008 innarbeidd i reglementa. Det er ikkje gjort endringar i delegasjonsreglementa som endrar på maktfordelinga mellom kommunestyret og politiske utval. Det er heller ikkje gjort endringar som endrar på maktfordelinga mellom politisk nivå og administrativt, men ordninga med politisk forhandlingsutval er teke ut av reglementet og rådmannen si fullmakt til å gjere einskildkjøp på investeringsbudsjettet er auka frå kr. 200 000,- til kr. 500 000,-

### **Vurdering**

I reglane om politisk organisering er det gjort ein del endringar av prosesuell karakter. Reglane i 2.2.7 om at formannskapet er fondstyre for nærings- og konsesjonsavgiftsfondet og har fullmakter til å gje næringsstøtte, er teke ut. Det går no fram av reglementet at kommunestyret skal vere fondstyre. Når det gjeld fullmakter til å gje næringsstøtte, vert dette som kjent ført over på det nye næringssselskapet.

Vidare er reglane om mindretalsanke i pkt. 5.3 teke ut. Denne ordninga, som går ut på at minst eitt medlem i eit utval eller ordføraren kan krevje at saka vert lagt fram for kommunestyret, er ei ulovfesta ordning som har si historie tilbake frå kommunelova før 1992. Mindretalsanke var då ein rett for eit mindretal i kommunestyre til å anke ei sak inn for departementet, ei ordning som vart avløyst av lovlegkontroll i kommunelova § 59. Ei slik ordning med intern mindretalsanke kan vere problematisk i forhold til klagerreglane i forvaltningslova og særlover. Ordninga er og lite nytta og på mange måtar erstatta med andre kontrollreglar. Rådmannen tilrår difor at reglane vert teke ut av delegasjonsreglementet.

Etter kap.6 er det ei ordning om at klager på administrative vedtak etter særlov skal leggjast fram for folkevald behandling før den blir sendt Fylkesmannen til avgjerd. Dette er også ein ulovfesta regel kommunen har hatt i sitt reglement. Det har dei siste åra vorte fleire klagesaker i kommunane og dei fleste er fagleg orienterte. Det er sjeldan at dei folkevalde organa omgjer administrasjonen sine vedtak i slike saker. Regel er difor i dag på mange måtar eit forsinkande lekk i saksbehandlinga. Rådmannen tilrår difor at denne regelen vert teke ut og at klager på administrative vedtak etter særlov vert sendt direkte til Fylkesmannen til avgjerd. Ein vil her og nemne at regelen om at eit politisk utval skal behandle klagesaker innanfor kommunehelsetenester i tidlegare kommunehelsetenestelov, ikkje er teke inn i ny lovgjeving.

Rådmannen vil presisere at klager på andre vedtak enn særlovsvedtak, sjølv sagt skal behandlast av politisk organ i kommunen, jf. 2.2.7.

Reglane om forhandlingsutval er teke ut av pkt.2.2.9. Det er naturleg at det er rådmannen som har ansvaret for lønsforhandlingane, noko som i dag er vanlegi dei aller fleste kommunar.